



Saksframlegg

Polentur 10.klasse Gimle skule

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
Ungdomsrådet		
Formannskapet		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Foreldremøte - Polenturpresentasjon
- 2 Svar frå anonym undersøking frå foreldre og føresette i Mentimeter
- 3 FAU Polentur
- 4 Kort oppsummering Polentur FAU 2025
- 5 Samanstilling av uttale frå elevråd utarbeida av elevråd og
- 6 Samanstilling av uttale frå tilsette og skuleleiinga
- 7 AF skolekamp. mai 25
- 8 Tur 9510 Avtale - Kiel tr

Bakgrunn for saka:

FAU tok opp Polenturen med skuleleiinga hausten 2023. Det vart konkludert med at ein ynskte ei evaluering av konseptet knytt til krevjande erfaringar frå tidlegare klasser kring økonomi og samarbeid. Polenturkonseptet har vore tema på fleire møte i FAU, Elevråd, Foreldremøte og SU/ SMU skuleåret 2023/2024 og 2024/2025.

Skulen fekk i oppdrag utarbeide kunnskapsgrunnlaget i saka i tett samarbeid med FAU.

Noverande 8. og 9.klasse har både hatt ekstraordinære foreldremøte der rektor har gjort rede for noverande praksis, rettleia foreldregruppa til samarbeid, gitt innføring i *Opplæringslova §4.-6 - skuletur* og forklart politisk vedtak som ligg til grunn.

FAU og skulen tok initiativ til eit informasjonsmøte på Gimle skule med ein påfølgjande anonym digital undersøking i foreldregruppa. Presentasjonen og digital undersøking vart sendt ut via Visma til alle foreldre og føresette.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Satse på tidleg innsats, inkludering og toleranse som førebyggjande tiltak, ha fokus på barn og unge si fysiske og psykiske helse og livsmeistring og legge til rette for god dialog med barn, unge og føresette.

Rektor har med bakgrunn i mandat frå FAU utarbeida saka for å setje ljøs på dei ulike problemstillingane med noverande konsept. Saka skapar engasjement, er samansett og kompleks.

Opplæringslova av 01.08.2024 seier følgjande om skuletur i skulen sin regi.

§ 4-6. Skoletur med overnatting

Kommunen skal som ein del av grunnskoleopplæringa tilby elevane leirskoleopphald eller annan skoletur med minst tre overnattingar i samanheng.

«Turen skal vere gratis, og skulen skal leggje til rette for elevar med særlege behov, tildømes funksjonsnedsetjingar, skal kunne delta.

Skuleturen skal vere ein del av grunnskuleopplæringa og må vere i samsvar med læreplanverket»

§ 4-6 Skoletur med overnatting | udir.no

Det er ikkje lovpålagt i Opplæringslova at det skal vere skuletur i 10.klasse. Gimle skule oppfyller lovverket ved årleg gjennomføring av leirskule i 7.klasse. Utdanningsdirektoratet skriv følgjande om organisering av tur og skulen sin plikt til å overhalde gratisprinsippet:

“Dersom det arrangeres en tur som en del av opplæringen, og foreldrene har foreslått å bidra til en tur som krever mer penger enn det skolen skal bruke, har skolen et særlig ansvar for å sørge for at gratisprinsippet blir overholdt. Skolen har i slike tilfeller ansvar for at pengeinnsamlingen foregår på lovlig måte, og at bidragene er anonyme og reelt frivillige.

Brudd på gratisprinsippet kan få konsekvenser for skolemiljøet, ved at elever ikke opplever å bli inkludert, og står utenfor fellesskapet. Elever kan la være å delta på en skoletur fordi de opplever et direkte eller indirekte press om å bidra til turen økonomisk. Alle elever i grunnskolen og videregående skole har rett til et trygt og godt skolemiljø som fremmer helse, inkludering, trivsel og læring. Alle elever skal få tilbud om å delta på skoletur, uavhengig av om eleven selv eller foreldrene har bidratt økonomisk eller på annen måte. Elever som av ulike grunner ikke er med på en skoletur som er en del av opplæringen, skal få tilbud om et alternativt opplæringstilbud på skolen i tråd med læreplaner for fag.”

Aktiviteter og turer | udir.no

Med bakgrunn i uttale frå FAU, anonym foreldreundersøking og erfaringar skulen har frå kontakt med foreldre er ikkje noverande tur innanfor gratisprinsippet. Fleire foreldre og føresette har erfart at det er press på deltaking i dugnadsarbeid og sal av ulike artiklar for å skaffe nok pengar til turen. Med noverande praktisering av innsamling av midlar er ansvaret i for stor grad lagt over på foreldra og skulen overheld ikkje det *særlege ansvaret* frå å overhalde gratisprinsippet. I den samanheng at skulen står som arrangør av tur vert ikkje det særskilde omsynet til ulike føresetnader sosialt og økonomisk tatt i vare.

I arbeidet med saka kjem dei ulike etiske og sosiale aspekta til syne i form av manglande inkludering då turen ikkje er for alle.

Dei seinare åra har heimane kunne kjenne seg forplikta til å sende med ein forelder på tur. Då dette har vore praktisert over tid kan det opplevast som ein regel framfor unntaket. For familiar

som ikkje har økonomisk høve til å betale for eigen vaksenbillett og i tillegg ta seg fri frå jobb vert det opplagt at sosioøkonomiske skiljer vert synlege.

I ei klasse vil det alltid vere ulike inntektsnivå og Fyresdal kommune har statistisk vore ein stad med høg andel av såkalla barnefamiliar med låg inntekt.

Det er svært ulikt korleis skular rundt om i landet praktiserar og gjennomfører klassetur. I Fyresdal og fleire kommunar i Vest-Telemark er framleis Polentur praksis. Det vitnar om verdi, engasjement og dugnadsånd.

Det vert tidleg fokus på å samle inn pengar, vere kreative og finne løysingar for å gjennomføre tur.

For nokre kan dette kjennast som samlande, andre kan kjenne seg ekskludert med tanke på utfordrande økonomi og eventuelle barn med særskilde behov.

Ved noverande konsept har fleire foreldre erfart at det er krevjande å stå opp for sine synspunkt knytt til fordyrande val av pakkereise. Det er etisk ugreit at skulen og kommunen set foreldre i ein slik situasjon som forsterkar skilnadene i samfunnet.

Skulen har i dag mykje informasjon om utfordringane dei ulike heimane har knytt til turen. Fleire heimar opplever det krevjande å delta i debatten.

Skulen opplever i takt med endringane i samfunnet at fleire elevar har ulike utfordringar. Det er ei auke i elevar som slit med sosiale settingar over lengre tid knytt til angst, diagnoser og sosialt utanforskap.

Det er ikkje automatisk slik at noverande Polentur skapar kjensle av samhald for alle. Skilnadene kan bli større ved ein slik tur for dei som har utfordringar. For elevar som av helsemessige årsakar/ ulike føresetnader ikkje kan delta på, kan Polenturen vere forsterkande på utanforskapen. Elevane som ikkje deltek må ha alternativt opplegg på skulen. Dei vert i tida etter tur utsett for mimring og referansar til ein tur dei ikkje har hatt føresetnadar for å kunne delta på.

Skulen har som ein fellesskapsarena i samfunnet eit særskild ansvar for å skape inkluderande fellesskap for barn og ungdom i bygda.

“Skolen skal utvikle inkluderende fellesskap som fremmer helse, trivsel og læring for alle”.
Et inkluderende læringsmiljø | udir.no

Det har gjennomgåande i arbeidet med saka kome fram at det er mange aspekt og omsyn ein må ta stilling til i saka om Polentur. Skulen har òg tydelege føringar for kva verdigrunnlag som skal ligge til grunn i all opplæring.

«Skolen skal bygge sin praksis på verdiene i opplæringslovens formålsparagraf. Formålsparagrafen uttrykker verdier som samler Norge som samfunn. Verdiene er grunnlaget for vårt demokrati og skal hjelpe oss å leve, lære og arbeide sammen i en kompleks samtid og i møte med en ukjent framtid. De felles verdiene bygger på kristen og humanistisk arv og tradisjon. De kommer også til uttrykk i ulike religioner og livssyn, og de er forankret i menneskerettighetene.

Disse verdiene er grunnmuren i skolens virksomhet».

Opplæringsens verdigrunnlag | udir.no

Forebyggjande arbeid for utvikling og bevaring av demokrati, mangfald og inkludering er viktige byggesteinar i grunnskulen. Gimle skule har eit mangfald av elevar med ulik kultur, nasjonalitet og etnisk bakgrunn. Oppveksande generasjon treng opplæring i toleranse, inkludering og aksept for ulikskap. Skulen har ei heilt sentral rolle i samfunnet med å rettleie og lære opp elevane til å bli gode medborgarar. Gimle skule har problematikkar knytt til manglande aksept for ulikskap og det forebyggjande arbeidet er grunnleggjande i alle klassetrinn og SFO.

Pedagogar og andre tilsette rettleiar elevane dagleg i samspelet med medelevar.

Samfunnet er i stadig endring og nye internasjonale og regionale konflikhtar kjem nær oss. Ved å utvikle noverande konsept vert det ikkje likheitsteikn mellom at det førebyggjande arbeidet med å fremme demokrati, inkludering, toleranse og mangfald stoppar opp. Elevane kan framleis lære om kor fundamentalt umenneskeleg det kan gå om ein ikkje står opp for demokratiet og lukker augene for manglande ytringsfridom og rettferd.

Eit av hovudargumenta for å halde fram med turen er det forebyggjande aspektet ved direkte kontakt med historisk grunn for grufulle hendingane under andre verdskrig. Elevrådet trekkjer dette fram som svært viktig. Kunnskapsløftet 2020 har eit spesifikt mål i samfunnsfag som kan koplant opp mot Polenturkonseptet. Elevane skal etter tiandetrinn kunne:

Gjere greie for årsaker til og konsekvensar av terrorhandlingar og folkemord, som holocaust, og reflektere over korleis ekstreme haldningar og ekstreme handlingar kan førebyggjast
Kompetansemål etter 10. trinn - Læreplan i samfunnsfag (SAF01-04) | udir.no

Målet kan koplant direkte opp mot Polenturkonseptet, men kan likevel oppfyllest ved å vere fysisk på skulen. Det er opplagt stor skilnad mellom desse alternativa, men då andre skular utan liknande tur kan oppfylle kompetansemåla er ikkje dette eit tungtvegande argument for å oppretthalde noverande konsept.

Økonomi

Foreldre og føresette fekk denne forenkla versjonen av kostnadsramma presentert i møtet. Grunna store variasjonar i val kvar einskild klasse tek for sin tur var talmaterialet lagt fram for å belyse kostnadsauke og tilhøyrande innsamla midlar via dugnad. Presentasjonen var utarbeida i samarbeid mellom rektor og FAU. Kolona med totalkostnaden er henta frå skulen sitt rekneskap. Det inneheld kun utgifter direkte til aktør. Andre kostnader for skulen er presentert under *Tilleggskostnader for skulen*. Klassene har tradisjonelt samla inn pengar på dugnad for å dekkje elevbillettane. Dei føresette har betalt sjølv. Etter gjennomgang med økonomisjef av dei faktiske utgiftene for skulen vart beløpet for skulen sine tilleggsutgifter auka til kr. 85.000,- etter fråtrekk frå kommunal tilskot kr. 15.000 ,-

Kostnad						
Årstal	Totalkostnad	Foreldrebillett	Kom.st. elevar	Statleg stønad	Kom.st. tilsette	Innsamling
2010	160 000	Ca. 80 000	45 000	17000	15 000	
2021 NO	271 000	Ca.135 500	45 000 + ekstraløyving	17000	15 000	Ca. 58 500
2023	344 000	Ca. 172 000	45 000	17000	15 000	Ca. 95 000
2024	480 000	Ca. 240 000	45 000	17000	15 000	Ca. 163 000
2025	?		45000+ 25000 i ekstraløyving			
Tilleggskostadar for skulen						
Ordinær lønn til 2 vaksne frå skulen						
+ godtgjeringsavtale for vaksne frå skulen ca. 60.000						
- kommunal stønad tilsette -15.000						
Vikarutgifter i tida tilsette er på tur						
+ eventuelle opplegg for elevar som ikkje reiser ca. 20.000						
SUM:			ca. 65.000			

Kvar klasse legg inn ynskje om varigheit, standard på hotell, ferje +++.

Aktive Fredsreiser tilbyr òg reise saman med andre skular for å redusere konstad. Dette er val klassene sjølv må ta.

Tala frå klassa som skal reise i 2025 var ikkje med i presentasjonen. Avtale inngått med Aktive fredsreiser ligg i sin heilheit som vedlegg i saka. Utsnitt viser kva prisen er for turen i 2025. Her er det også variablar.

GRUNNPRIS ved min. 45 deltagere pr. buss (pris 2025)
Pris ungdom (yngre enn 16 år) kr 9 490,- og voksne kr 10 090,-

GRUNNPRIS ved min. 22 deltagere pr. buss (pris 2025)
Pris ungdom (yngre enn 16 år) kr 13 790,- og voksne kr 14 390,-

Tillegg til grunnprisen:

- Hentepris kr 8 000,-
- Turistskatt Berlin kr 50,- pr voksen pr. natt x 2 netter = kr 100,- pr. voksen
(Ungdommen får fritak ved at det sendes inn et skjema til hotellene med skolens underskrift og stempel. Skjema vil dere motta fra oss senere)
- Color Line - Kielferjen lørdag-retur - kr 480,- pr. person
- Saltgruvene kr 350,- pr. ungdom og kr 410,- pr. voksen

Turene våre inkluderer flere måltid og severdigheter som f.eks stasifengselet og folkløreaften.
Dersom dere ønsker en rimeligere tur kan vi ta ut et eller flere elementer fra programmet.

Dei økonomiske utfordringane har vore synlege og lyfta fram ved fleire høve politisk. I saksframlegg frå kommunestyret 2010 vart det lagt fram at Gimle skule ikkje kunne finansiere turen innafor eigne rammer. Det vart då fatta vedtak på stønad på kr. 60.000,-. Vedtaket har stått sidan utan justering i takt med generell prisvekst i samfunnet.

Einskilde klasser har søkt om ekstraløyvingar av ulike årsakar, mellom anna utfordringar knytt til pandemien. Seinast 03.04.25 vart det innvilga ei ekstraløyving frå OKO pålydande kr. 25.000,- til noverande 9.klasse.

Fyresdal kommune deltek i nasjonal handtering av flykningstraumen frå Ukraina. Krig på europeisk jord er eit uvirkeleg faktum. Det underbyggjer viktigheita av det forebyggjande arbeidet knytt til demokratiske verdiar og inkluderande haldningar. For elevar som flyktar frå krig med familiar som har smertefulle erfaringar med seg til Norge, kan Polenturen vere ei unødig kjenslemessig belastning. I anonym undersøking frå foreldra kjem det og fram frå einskilde at dei opplever det utrygt å reise utanlands med noverande verdsbilete.

Dei siste to ekstraordinære foreldremøta i underbyggjer utfordringane med noverande organisering. Det er behov for ei forventningsavklaring av føresette og tilsette si rolle på tur.

Organisatorisk er gjennomføring av Polentur tidkrevjande for skulen. Variasjonar i elevgrupper krev ulike tiltak og har ulik kostnad. Skulen har ei utgift på omlag kr. 85.000,- i lønn, reise – og vikarutgifter. Alternativt opplegg for elevane som vert igjen har òg ein kostnad.

I ei tid med utfordrande budsjettammer er dette ei betydeleg sum for skulen sitt budsjett. I tillegg kjem tidsbruk i personalet og skuleleiinga i for og etterarbeid av tur. Den er variasjonar knytt til dei ulike årskulla som reiser på tur.

Konklusjon:

I prosessen med utarbeiding av saka og innsamling av data har kompleksiteten ved gjennomføring av Polenturen kome tydeleg fram. Elevane, heimane og tilsette har fått vere med å belyse saka.

Tilbakemeldingane frå tilsette som reiser med klasser og elevane sjølv viser at for dei fleste av elevane som reiser er det totalt sett ei god og minnerik oppleving for livet. Utfordringane er knytt til manglande inkludering, sosial utanforskap og økonomisk press.

Ein kan stille spørsmål ved om gratisprinsippet opplevast som praktisert ved forventingar om deltaking i pengeinnsamling over mange skuleår.

Kommunestyret har som skuleeigar eit særskild ansvar for å leggje føringar for skulen slik at all aktivitet i skulen er inkluderande og oppfylgjer lovkrav. Jamfør opplæringslova §4.-6 og Kompetanseløftet 2020 er det ingen lovmessige føringar for noverande Polenturkonsept. Turen har sterke røtter og tradisjonar i bygda. Det skapar både grunnlag for å halde fram med turen og understrekar utfordringane knytt til ei eventuell avvikling.

Ved politisk ynskje om å halde fram med tur eller alternativ til tur må det føreliggje tydelege organisatoriske og økonomiske føringar.

Rektor vurderar gjennomføring av noverande konsept til å vere etisk, sosialt og økonomisk uforsvarleg og lite framtidsretta slik finansieringa og organiseringa er i dag.

Dei ulike alternativa nedafor speglar moglege utfall av saka.

Alternativ 1: Halde fram med turen slik den er tradisjonelt er organisert og finansiert

Alternativ 2: Halde fram med turen slik den er tradisjonelt, med fullfinansiering frå kommunen for elevar.

Alternativ 3: Avvikle noverande konsept og la kvar klasse arrangere sin eigen avslutningstur utan kommunal stønad.

Alternativ 4: Avvikle noverande konsept og la kvar klasse reise på ein kortare tur innanlands med tema frå andre verdenskrig. T.d Tungtvannsfabrikken på Rjukan, Utøya, Arkivet i Kristiansand, Oslo, o.l med kommunal stønad. Ha ei fast historieuke knytt til andre verdskrig på skulen med eksterne historikarar, bli kjend med eigen lokal krigshistorie og Quisling.

Alternativ 5: Avvikle noverande konsept og la kvar klasse reise på ein kortare tur innanlands med valfritt tema utan kommunal stønad.

Alternativ 6: Avvikle noverande konsept og ikkje arrangere klassetur i 10.klasse.

Undervegs i arbeidet med saka har det kome tydeleg fram, i anonym foreldreundersøking at det er behov og ynskje om endring. Data frå undersøkinga viser at 43 heimar svarar at dei ynskjer endring medan 27 heimar ynskjer å halde fram med noverande konsept.

Kommunen oppfyller i dag lovkravet i Opplæringslova § 4-6 om skuletur med overnatting ved praktisering av leirskuleopphald. Ugiftene til dette går frå skulen sitt budsjett.

Gimle skule overhald ikkje gratisprinsippet og ansvaret for ei inkluderande opplæring ved noverande konsept. Det er pr. i dag ikkje midlar i skulen sitt budsjett for å kunne ta heile kostanden med turen.

Utifrå eit totaltbilde vert det utifrå ei "*Barnets beste vurdering*" grunnlag for å fremje avvikling av turen. Dette sett opp mot ulike føresetnader i dei ulike heimane. Skulen skal ivareta alle elevar og gjer ikkje det på ein tilfredsstillande måte med å halde fram med noverande

Polenturkonsept.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune avviklar noverande konsept med Polenturen og instiller på:

Alternativ 4:

Avvikle novernade konsept og la kvar klasse reise på ein kortare tur innanlands med tema frå andre verdenskrig med kommunal stønad.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Anders Bergsland
	rektor